

# 2019

Statistikk over norske  
pengespel og lotteri

Annual statistics report from  
The Norwegian Gaming  
and Foundation Authority

## Norske pengespel 2019

### Gambling in Norway



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Utgitt av Lotteri- og stiftelsestilsynet, 2021  
Ombrekking: o7 Media  
Forsideillustrasjon: Colourbox.com

# Innhold

Føreord .....	4
1. Samandrag .....	5
2. Endring i omsetning .....	13
3. Norsk Tipping AS .....	15
4. Norsk Rikstoto .....	23
5. Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto .....	26
6. Bingo .....	28
7. Andre lotteri .....	32
8. Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn .....	36
9. English summary .....	37
10. Vedlegg .....	40

# 20 år med statistikk over spel- og lotterimarkanden

Pengespelstatistikken for 2019 er den tjuande som Lotteritilsynet legg fram. Første året, 2000 vart presentert som eit bidrag i ekspertgruppe-rapporten *Norske pengespel i ei digital framtid*<sup>1</sup>. Frå 2001 og årleg framover har den regulerte marknaden blitt omtalt i eigne statistikkhefte.

I 2019 satsa nordmenn 49,6 milliardar på regulerte norske pengespel. Dette var 7 % meir enn året før. Auken er størst på spel med høg gevinstprosent, for eksempel online kasinospel.

Etter gevinstutbetalingar blei det lagt igjen 10,6 milliardar på dei regulerte pengespela i 2019. Netto omsetning auka med nærmare ein prosent gjennom året, og desse midlane blir fordelt mellom aktørane i marknaden og formåla som mottek inntekter frå spel. Frå 2019 mottok formåla nærmere 6,6 milliardar av netto omsetning, eller 62 prosent.

Netto omsetning, beløpet som ligg igjen etter gevinstutbetalingar, har vore stabilt dei seinare åra og utgjort mellom 10,1 og 10,6 milliardar frå 2016 og fram til og

med 2019. Dersom vi reknar om alle år sine omsetnings-tal til 2019-kroner har omsetninga lagt mellom 10 og 11 milliardar 2019-kroner frå og med år 2009.

Målt i 2019-kroner var netto omsetning høgast frå 2003 til og med 2005 og låg då mellom 15,0 og 15,7 milliardar. Det var særleg dei store endringane i den tidlegare automatmarknaden og automatforbotet som vart innført i 2007 som er årsaka til at omsetninga vart kraftig redusert.

Målt i 2019 kroner, har Lotteritilsynet i løpet av 20 år rapportert om ei netto omsetning på 237 milliardar kroner. Av desse har 129 av milliardane gått til idrett, kultur og andre samfunnsnyttige eller humanitære formål.

Førde, januar 2021



**Atle Hamar**  
direktør

<sup>1</sup> <https://lottstift.no/content/uploads/2015/11/Norske-pengespel-i-ei-digital-framtid-KKD-rapport-2001.pdf>

# Samandrag

I den norske spel- og lotterimarknaden vart det i 2019 omsett for 49,6 milliardar kroner. Av dette gjekk 39,0 milliardar tilbake til spelarane i form av gevinstar.

Etter at spelarane hadde fått sine gevinstar, låg det igjen 10,6 milliardar kroner til fordeling blant aktørane, operatørar, entreprenørar, lokalinnehavarar, kommisjonærar forutan humanitære og samfunnsnyttige formål.

Rapporten omfattar pengespel og lotteri med løyve frå norske styresmakter. Her er ikkje med tal for omsetning på t.d. utanlandske nettstader eller illegale spel.

Når det gjeld metode for innsamling av data og utrekning av estimat, viser vi til vedlegg bak i rapporten.

## Den norske pengespelmarknaden – nøkkeltal 2019

År 2019	Millionar	
	NOK	EUR <sup>2</sup>
Brutto omsetning (spelt for)	49 592	5 033
Gevinst	39 015	3 960
Netto omsetning (lagt igjen/tap)	10 577	1 074

År 2019	Spelt for		Lagt igjen (etter gevinst)	
	NOK	EUR	NOK	EUR
Per innbyggjar <sup>3</sup>	9 273	941	1 978	201
Per innbyggjar 18 år og eldre	11 726	1 190	2 501	254
Per husstand <sup>4</sup>	20 030	2 033	4 272	434
Prosent av disponibel inntekt <sup>5</sup>	3,22 %		0,69 %	

I gjennomsnitt spelte kvar nordmann (liten som stor) for 9 273 kroner i 2019.

Dette er 510 kroner meir enn i 2018 då satsa beløp per innbyggjar var på 8 763 kroner.

Om vi trekkjer frå gevinstane vil kvar innbyggjar i 2019 ha lagt igjen 1 978 kroner. Av husstanden sine disponi-

ble inntekter utgjer dette 0,7 prosent. Beløpet som er lagt igjen etter gevinstutbetaling er 5 kroner meir enn i 2018 (kr1 973).

At satsa beløp har auka meir enn det som er lagt igjen heng saman med at det vert spelt meir på spel med høg gevinstprosent.

<sup>2</sup> Middelkurs 2019 frå Norges Bank 9,8527


<sup>3</sup> Gjennomsnittleg folketal frå SSB, www.ssb.no 1/1-2019 og 1/1-2020.

<sup>4</sup> Gjennomsnittleg tal personar i husstanden er 2,16 (SSB).

<sup>5</sup> SSB: Disponibel inntekt 2019: 1 540 356 millionar kroner.

## Brutto omsetning i 2019

Den norske pengespelmarknaden – brutto omsetning 2019, totalt 49 592 millionar



I 2019 spelte nordmenn for 49,6 milliardar kroner mot 46,5 milliardar i 2018.

I 2019 vart det satsa 40,3 milliardar på Norsk Tipping sine spel, av dette 6,8 milliardar<sup>6</sup> på Multix- og Belago-spel og 18,0 milliardar på dei nettbaserte spela (kasinospel, bingo og skrapespel). På hestesport spelte nordmenn for nær 3,4 milliardar kroner gjennom Norsk Rikstoto.

Bingo og lotteri utgjer den private delen av marknaden. Bingo hadde ei omsetning på nær 4,8 milliardar, der entreprenørbingoen utgjorde størsteparten og 4,6 milliardar, inkludert sidespel i bingo

(elektronisk<sup>7</sup> og papirsidespel). Omsetninga for bingo utan entreprenør vart 127 millionar kroner.

Blant dei andre lotteria er det samla sett dei fem større lotteria med lisens (etter § 7 i Lotterilova) som hadde størst omsetning, og saman med landslotteria utgjorde omsetninga 424 millionar. For mindre lokale og regionale lotteri<sup>8</sup> estimerer vi omsetninga til 160 millionar kroner. I NM i poker utgjorde deltakaravgifta 22 millionar.


Det vart spelt for 556 millionar på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner.

<sup>6</sup> 3 671 millionar kr på Multix og 3 153 millionar på Belago.

<sup>7</sup> Databingo.

<sup>8</sup> Mindre lotteri, såkalla basarar, er ikkje medrekna.

## Den norske pengespelmarknaden 2019, marknadsdeler av brutto omsetning



Målt etter brutto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 88 prosent av marknaden.

## Pengepremier og gevinstar i 2019

Tal i millionar kroner	Brutto omsetning	Gevinst	Netto omsetning	Prosent gevinst
Norsk Tipping	40 267	32 111	8 156	80 %
Norsk Rikstoto	3 398	2 324	1 074	68 %
Bingo med entreprenør	4 638	3 831	807	83 %
Bingo utan entreprenør	127	67	59	53 %
Fem lotteri med lisens	302	150	153	50 %
Landslotteri	122	13	109	11 %
Lokale/regionale lotteri*	160	30	130	19 %
Poker-NM	22	18	4	83 %
Spel på skip	556	470	86	85 %
Totalt	49 592	39 015	10 577	79 %

\*) Omsetning for lokale/regionale lotteri er delvis estimert (sjå vedlegg).


Spelarane vann tilbake totalt 39,0 milliardar kroner av innsatsen på 49,6 milliardar.

I kronebeløp gjekk mest tilbake til spelarane frå Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og entreprenørbingo. I prosent gjekk det mest tilbake frå spel på skip (85 %), Poker-NM (83 %), entreprenørbingo (83 %) og Norsk Tipping (80 %).

Einskilde lotteri bokfører ofte gevinstkostnad for varegevinstar og ikkje verdi på gevinst. Premien kan ha høgare verdi for vinnaren enn det som kjem fram i rekneskapen (m.a. pga. oppnådde rabattar ved kjøp av premiar eller ved at premier er gitt som gåver).

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden i 2019

Den norske pengespelmarknaden 2019, marknadsdelar av netto omsetning



Målt etter netto omsetning hadde Norsk Tipping og Norsk Rikstoto til saman 87 prosent av marknaden i 2019.

## Fordeling til formål og administrative kostnader i 2019

	Formål			Administrative kostnader	
	Mill. kr	Mill. kr	Prosent	Mill. kr	Prosent
Netto omsetning					
Norsk Tipping	8 156	5 555	68 %	2 600	32 %
Norsk Rikstoto	1 074	495	46 %	579	54 %
Bingo med entreprenør	807	203	25 %	604	75 %
Bingo utan entreprenør	59	49	82 %	11	18 %
Fem lotteri med lisens	153	81	53 %	72	47 %
Landslotteri	109	45	41 %	64	59 %
Lokale/regionale lotteri *	130	120	92 %	10	8 %
Poker-NM	4	1	30 %	3	70 %
Spel på skip	86	17	20 %	69	80 %
<b>Totalt</b>	<b>10 577</b>	<b>6 566</b>	<b>62 %</b>	<b>4 011</b>	<b>38 %</b>

\*) Estimerte beløp

6,57 milliardar kroner gjekk som inntekt til formåla. Største del av inntektene (5,56 mrd.) kom frå Norsk Tipping sine spel. Her er det også ein forholdsvis stor prosentvis del til formåla av netto omsetning (68 %). Frå Norsk Rikstoto gjekk det 495 millionar til formåla.


Blant dei private spela gjekk det prosentvis mest til formåla frå mindre lokale lotteri og bingo utan entreprenør. For entreprenørbingo og spel på skip utgjorde formåla sine inntekter under 30 prosent av netto-omsetninga.

Frå entreprenørbingo fekk formåla 203 millionar, eller 25 prosent av netto omsetning. Mange av formåla i entreprenørbingo får også inntekter frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar. Dette er omtalt i kapitla 3 og 6.

Frå spel på norske skip i rute mellom norsk og utenlandske hamn fekk formåla 17 millionar.

Den følgjande figuren viser kor mykje av formåla sine inntekter som kom frå dei ulike spel og lotteria.

## Den norske pengespelmarknaden 2019, formåla sine spel- og lotteriinntekter



Dei administrative kostnadene var 40 millionar større i 2019 enn dei var i 2018. Samstundes var nettoomsetninga auka med 97 millionar. Formåla har fått 57 millionar meir i 2019 enn i 2018 då formåla fekk 6 509 millionar kroner.

Administrative kostnader<sup>9</sup> i 2019 utgjorde 4,01 milliardar kroner. Dette er operatør, entreprenør og eventuell

tredjepart (t.d. lokaleigar og kommisjonær) sin del av inntektene.

Den største delen av kostnaden (2,60 mrd.) skriv seg frå Norsk Tipping, men prosentvis er kostnadsdelen forholdsvis låg her (32 %). Større kostnadsbeløp kom også frå Norsk Rikstoto sine spel (0,58 mrd.) og entreprenørbingo (0,60 mrd.).

<sup>9</sup> Alle kostnader ved eit spel eller lotteri som ikkje er gevinstkostnad.

Kostnadar til eventuell tredjepart for sal av spel kan vi synleggjere for Norsk Tipping og Norsk Rikstoto. For andre spel/lotteri har vi ikkje slike tal, men også her kan det vere slike utgifter, t.d. til telemarketing.

Netto omsetning i 2019 og kostnad til 3. part	Netto omsetning Mill. kr	Kostnader til kommisjonær, nettpartner eller lokalinnnehavar Mill. kr	Prosent av netto omsetning
Norsk Tipping	8 156	621	8 %
Norsk Rikstoto	1 074	90	8 %
Totalt	9 229	711	8 %

Frå spela her gjekk det 711 millionar kroner til kommisjonærar, nettpartnerar eller lokalinnnehavarar. Dette utgjer 8 % av netto omsetning. Dette er ein reduksjon frå 2018 då beløpet utgjorde 816 millionar og 9 % av netto omsetning.

## Formåla sine inntekter fordelt på kategoriar

Fordeling av spel- og lotteriinntekter 2019	Mill.kr	Prosent	*
Idrett	3 387	52 %	*
Kultur (tippenøkkelen)	805	12 %	
Musikk/kultur/fritid	283	4 %	*
Hest/hestesport	495	8 %	
Helse	640	10 %	*
Humanitær	607	9 %	*
Diverse	115	2 %	*
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	220	3 %	
Tiltak vedk. uheldig speleåtfred	15	0,2 %	
Totalt	6 567	100 %	

\*) I tillegg får formåla delar av 220 millionar som i tabellen er uspesifisert (samla 3 %).

Midlar frå Norsk Tipping blir gjennom tippenøkkelen tildelt gjennom ulike ordningar. Formåla er idrett, kultur, samfunnsnyttige eller humanitære organisasjoner samt helse- og rehabiliteringsformål.

Fordelinga er forankra i Pengespellova § 10. Av overskotet blir det først fordelt 6,4 % til helse- og rehabiliteringsformål.

Av tippenøkkelen og resterande overskot får deretter idretten si tildeling gjennom Kulturdepartementet med 64 % og kulturområdet får 18 %. Dei resterande 18 % går til samfunnsnyttige eller humanitære formål og blir betalt ut på to måtar: Tre beredskaps-organisasjonar

får ein fast prosentdel. Andre organisasjonar som fyller vilkår i forskrift om tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner kan søke Lotteritilsynet om tilskot.

Foreiningar med inntekter frå entreprenørbingo får også formålsandelen av Norsk Tipping sine Belago-terminalar.

Grasrotordninga og midlar til tiltak vedkomande uheldig speleåtfred kjem også frå Norsk Tipping si speleomsetning, og er heller ikkje medrekna i tippenøkkelen.

**Idrett (3 387 millionar \*)**

Her inngår fordeling fra Norsk Tipping over tippenøkkelen med 2 861 mill., 376 millionar fra grasrotordninga, 97 mill. fra entreprenørbingo, 30 millionar fra NT sine Belago-terminalar i bingolokale, 14 millionar fra spel på skip og 9 mill. fra landslotteri.

Idretten har også inntekt fra foreningsbingo og lokale lotteri som ikke er medrekna.

Inntekt fra bingo, lotteri og spel på skip er i mindre grad øyremerkte, og går i større grad til lokale lag som frie midlar (innanfor vedtaksfesta formål).

**Kultur og fritid (1 088 millionar \*)**

Også her er det store inntekter, men det meste til kulturfomål kom fra Norsk Tipping. 805 millionar blei fordelt over tippenøkkelen.

I tillegg er 283 millionar i inntekt fra andre typar spel, lotteri eller ordningar utan at lokale lotteri og bingo utan entreprenør er medrekna. Dette fordeler seg på grasrotmidlar (NT) med 185 mill., entreprenørbingo 50 mill., inntekt frå Belago med 15 millionar, spel på skip nær 2 mill., landslotteri 4 mill., og tildeling frå Lotteritilsynet på grunnlag av søknad 27 mill.

**Hest/hestesport (495 millionar)**

Dette er inntekter som i si heilheit kom frå Norsk Rikstoto.

**Helse (640 millionar \*)**

Her inngår organisasjonar som til dømes Kreftforeningen, Norges Blindeforbund og Norges Handikapforbund og Stiftelsen Dam.

Stiftelsen Dam fekk 306 millionar frå Norsk Tipping via tippenøkkelen, men i tillegg fekk andre helseorganisasjonar 209 millionar etter søknad til Lotteritilsynet. Vidare kom det 22 mill. frå landslotteri, 44 mill. frå entreprenørbingo, 17 millionar frå Belago, 42 millionar frå grasrotordninga (NT), 1 million frå Poker-NM og nær 1 million frå spel på skip.

Inntekt frå lokale lotteri og bingo utan entreprenør er ikke medrekna.

**Humanitær (607 millionar \*)**

Dette er organisasjonar som t.d. Røde Kors, Redningselskapet, Norsk Folkehjelp, Flyktningshjelpen og Lions. Inntektene kom frå Norsk Tipping med 431 millionar, større lotteri med lisens 72 mill, landslotteri med 9 mill., entreprenørbingo med 5 millionar og 2 millionar frå Belago. I tillegg er det rekna med 7 millionar frå Norsk Tippings grasrotmidlar, 80 millionar etter søknad til Lotteritilsynet og 0,6 million frå spel på skip.

Inntekt frå bingo utan entreprenør og lokale lotteri er ikke medrekna.

**Diverse organisasjonar (115 millionar \*)**

Her inngår religiøse organisasjonar, politiske parti eller andre organisasjonar som ikke kan plasserast i gruppene framfor.

Inntektene kom etter søknad til Lotteritilsynet (58 mill), frå større lotteri med lisens (9 mill), frå entreprenørbingo (7 mill.), 2 millionar frå Belago, landslotteri (1 mill.), grasrotmidlar (NT) (37 mill.), spel på skip (0,6 mill.)


**Tiltak vedkommande uheldig speleåtfred (15 millionar)**

Dette kjem frå Norsk Tipping sitt overskot og bidreg til finansiering av regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Dei overordna målsettingane i handlingsplanen er å førebygge speleavhengigkeit og redusere skadeverknadane frå overdriven speling.

**Uspesifiserte inntekter (220 millionar)**

Dette er estimert inntekt frå bingo utan entreprenør (49 mill.), lokale/regionale lotteri(120 mill.) og grasrotmidlar (51 mill.). Vi har ikke datagrunnlag til å fordele desse inntektene på formåla ovanfor, men 38 millionar av dette er inntekt frå bingo for lokalradio og -TV.

Den norske pengespelmarknaden år 2019, inntekt til formål fordelt på ulike kategoriar



## Endring frå år 2018

Formåla fekk for 2019 tilført 57 millionar meir enn året før.

Fordeling av spel- og lotteriinntekter	2018	2019	Endring	
	Mill. kr	Mill. kr	Mill. kr	Prosent
Idrett	3 364	3 387	23	1 %
Kultur	805	805	-	0 %
Musikk/kultur/fritid	279	283	4	2 %
Hest/hestesport	538	495	- 42	-8 %
Helse	654	640	- 14	-2 %
Humanitær	600	607	7	1 %
Diverse	62	115	53	86 %
Uspesifisert og vil inngå i formål ovanfor	195	220	25	13 %
Tiltak vedk. speleavhengigkeit	15	15	-	0 %
Totalt	6 510	6 567	57	1 %

# Endring i omsetning

## Den norske pengespelmarknaden totalt

Tal i millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Brutto omsetning (spelt for)	30 915	35 852	38 490	40 709	43 671	46 548	49 592	7 %
Netto omsetning (lagt igjen / tap)	9 012	9 288	9 752	10 143	10 270	10 480	10 577	0,9 %

Omsetninga er auka med 7 % for brutto og nærare 1 % for netto.

### Norsk Tipping<sup>10</sup>

Tal i millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Brutto omsetning	21 641	26 911	29 742	32 029	34 916	38 122	40 267	6 %
Netto omsetning	6 361	6 727	7 234	7 680	7 835	8 142	8 156	0,2 %

Brutto omsetning i 2019 auka med 6 % samanlikna med året før. Netto omsetning (etter premie-utbetaling) auka nesten ikkje. Forskjell i auken skuldast omsetningsauke i spel med høg gevinstprosent, som t.d. online kasino.

### Norsk Rikstoto

Tal i millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Brutto omsetning	3 775	3 649	3 728	3 881	3 894	3 611	3 398	- 6 %
Netto omsetning	1 224	1 183	1 199	1 244	1 242	1 154	1 074	- 7 %

Norsk Rikstoto si brutto-omsetning i 2019 er redusert med 6 % samanlikna med 2018.

### Entreprenørbingo

Tal i millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Brutto omsetning	4 502	4 332	4 078	3 836	3 737	3 648	4 638	27 %
Netto omsetning	957	925	868	757	726	696	807	16 %

Omsetning i entreprenørbingo er auka med 27 % for brutto omsetning og 16 % for netto. Auken er omtalt i kap 6 om bingo.

### Landslotteri og fem

#### lotteri med lisens

Tal i millionar kroner	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Brutto omsetning	288	272	269	283	292	308	424	38 %
Netto omsetning	236	222	219	225	230	231	261	13 %

Landslotteria, og fem lotteri med løyve etter § 7 (Pantelotteriet, Postkodelotteriet, Unicef-lotteriet, FotoLotto og Norgeslotteriet) har til saman 38 % auke målt etter brutto omsetning. For netto omsetning er auken 13 %. Sjå kap 7 for nærmere omtale av lotteria.

<sup>10</sup> Fram til 2015 var spelet Extra presentert for seg. Extra er frå 2016 ein del av Norsk Tipping sin ordinære spelporlefølje. Omsetningstal for Extra er her medrekna i tal frå 2013 til og med 2015.

## Andre spel/lotteri

### Poker-NM

Tal i millionar kroner	2015	2016	2017	2018	2019
Brutto omsetning	16	19	17	21	22
Netto omsetning	2	3	3	3	4

Poker-NM vart arrangert for første gang i Norge i 2015. Deltakaravgift i 2019 vart totalt 22 millionar kroner.

Omsetning for bingo utan entreprenør er rapporterte tal i Lotteriregisteret. Omsetning for lokale/regionale lotteri er estimert av Lotteritilsynet.

Bingo utan entreprenør	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal løyve:	340	260	250	250	240	240	230
Omsetning <sup>11</sup> : (brutto omsetning, tal i millionar)	140	115	116	116	118	113	127

Totalt syner tal dei siste åra frå Lotteriregisteret stabilt tal på lag som arrangerer bingo utan entreprenør, og noko vekst i rapportert omsetning.

Lokale/regionale lotteri	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Tal meldingar motteke	2 210	2 250	2 300	2 380	2 600	2 610	2 880
Tal løyve gitt	70	70	60	60	68	68	70
Estimert omsetning <sup>12</sup> : (brutto oms. tal i mill.)	110	120	130	150	140	160	160

Vi har registrert fleire lotteri i 2019 enn i 2018, men omsetninga bereknar vi til å vere uendra.

Spel på skip	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	Endring 2018–2019
Tal i millionar kroner	459	453	412	395	557 <sup>13</sup>	566	556	- 2 %
Brutto omsetning	90	87	80	77	74	85	86	2 %

Netto omsetning auka med 2 % samanlikna 2018.

11 Estimert omsetning til og med 2014, reelle tall frå 2015.


12 Estimert omsetning avrunda til 10 mill. (sjå vedlegg for berekningsmåte).

13 Frå 2017 blir brutto omsetning rapport på anna måte enn tidlegare. Difor er ikkje brutto omsetning til og med 2016 samanliknbar med seinare omsetning.

# Norsk Tipping AS

Norsk Tipping AS (NT) har fleire spel i sin portefølje. Samla brutto omsetning (før gevinstutbetaling) var i overkant av 40 milliardar kroner i 2019.

Brutto omsetning Norsk Tipping AS år 2019, total 40 267 millionar kroner



Brutto omsetning fordelt på type spel		Mill. kr	Prosent
Tal spel:	Lotto, Viking Lotto, Joker, Eurojackpot, Keno, Nabolaget og Extra	10 564	26 %
Sportsspel:	Tipping	542	1 %
	Oddsen <sup>14</sup>	1 960	5 %
	Liveoddsen <sup>15</sup>	1 294	3 %
Skrapelodd:	Flax (papir)	1 051	3 %
Terminalspel:	Multix og Belago	6 824	17 %
Instaspill:	Online – Flax, Bingoria og KongKasino	18 030	45 %
Total brutto omsetning		40 267	100 %

<sup>14</sup> Her inngår Langoddson og Oddsbomben.

<sup>15</sup> Liveodds og Instaspill kan berre spelast online (web og mobil).

Omsetning og gevinst – i millionar kroner	Tal spel	Sports- spel	Skrape- lodd (papir)	Terminalspel (Multix og Belago) <sup>16</sup>	Instaspill	Totalt
Total brutto omsetning	10 564	3 797	1 051	6 824	18 030	40 267
Totalt til gevinst	5 298	2 850	593	6 321	17 049	32 111
Total netto omsetning	5 266	947	458	503	981	8 156
Gevinstprosent	50 %	75 %	56 %	93 %	95 %	80 %

Totalt gjekk 80 prosent tilbake til spelar som gevinst. 20 prosent gjekk til fordeling mellom Norsk Tipping, kommisjonærar og formål.

Lågast gevinstdel har tal spel og skrapelodd med høvesvis 50 og 56 prosent.

Sportsspel har ein samla gevinstdel på 75 prosent der Liveoddsen har høgaste prosent (83 %). Dei andre odds-spela hadde ein samla gevinstdel på 76 prosent<sup>17</sup>. For den tradisjonelle tippekupongen er gevinstprosenten 54.

Høgaste gevinstprosent har terminalspela med 93 prosent og Instaspill med 95 prosent.

Ein kan delta i Norsk Tipping sine spel via kommisjonær i butikk / kiosk eller via internett og mobil. Talet på kommisjonærar var 3 625 den 31. desember 2019.

Det meste av brutto omsetning gjekk via internett og mobil, og totalt 27 390 millionar kroner. 3 257 mill. vart satsa på sportsspel og 6 103 mill. på tal spel (som Lotto og Extra). For Instaspill, der det berre kan spelast over internett og mobil, blei det satsa totalt 18 030 millionar kroner. Gjennom kommisjonærnettet gjekk det 6 052 mill.<sup>18</sup> på tal spel, sportsspel og skrapelodd, og i tillegg 6 824 mill. på spel på terminalar (Multix og Belago).

<sup>16</sup> Multix: Brutto 3 671 mill. og netto 283 mill. Belago: Brutto 3 153 mill og netto 220 mill.

<sup>17</sup> Langoddsen 76 %. Oddsbomben har fast gevinstprosent på 60 %.

<sup>18</sup> Av dette utgjer *Spill i kasse* 318 millionar. Dette er ferdig utfylte spelekupongar (tal spel) som blir sett over disk i daglegvareforretningar.

## Netto omsetning og fordeling på aktørane

Etter gevinstutbetaling var netto omsetning 8 156 millionar kroner.

Fordeling av netto omsetning	Mill. kr	Prosent
Til formål	5 555	68 %
Driftskostnader Norsk Tipping <sup>19</sup>	1 859	23 %
Til kommisjonær (inkl. nettpartnarar)	621	8 %
Midlar som er haldne tilbake i NT <sup>20</sup> )	120	1 %
Sum = netto omsetning	8 156	100 %

Til formåla gjekk det 5 555 millionar kroner eller 68 prosent av netto omsetning. I 2018 var prosenten til formål også 68, som då utgjorde 5 523 millionar.

Frå 2019-overskotet vart 4 777 millionar utbetalt over tippenøkkelen. Det er i tillegg rekna med 66 mill. frå Belago-terminalane som formålsinntekt i bingo,

697 millionar kroner til mottakarar under ordninga med Grasrotandelen. I beløpet inngår også 15 mill. til tiltak vedkomande uehdig speleåtfurd.

Det meste av overskotet frå Norsk Tipping si omsetning i 2019 blir utbetalt til formål i 2020.

<sup>19</sup> Samla netto kostnader: Alle kostnader, men utan provisjon. Korrigert for netto inntekt av finansielle postar og andre inntekter/kostnader som ikkje er spesifikt relaterte til Norsk Tipping sine spel. Grasrotandel er ikkje rekna med her.

<sup>20</sup> Midlar som blir haldne tilbake i Norsk Tipping inngår i selskapet sin eigenkapital og kan disponerast til formål i komande år.

## Fordeling til overskotsformål – Tippenøkkelen<sup>21</sup>

Frå fordeling frå 2019-overskotet gjekk kroner 2 861,5 millionar til idrettsformål, 804,8 mill. til kulturformål og 804,8 mill. til samfunnsvyttige eller humanitære organisasjonar. Kroner 305,7 millionar gjekk til helse- og rehabiliteringsformål (Stiftelsen Dam<sup>22</sup>).

Blant kulturformål fekk Den kulturelle skolesekken 285 mill., Frifondordningen 197 mill. Desentralisert ordning for tilskudd til kulturbygg 55 mill.

### Idrett


Fordelinga til idretten er synleggjort i tabellen under.<sup>23</sup>

#### Tal i millionar kroner

Idrettsanlegg	1 525,1
Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité	730,0
Tilskot til lokale lag og foreiningar	372,0
Spesielle aktivitetar	145,3
Forsknings- og utviklingsarbeid	33,9
Nasjonalanlegg /spesielle anlegg	55,2
Totalt	2 861,5

Mykje av idretten sine spelemedlar gjekk til idrettsanlegg og til Norges idrettsforbund og olympiske og paralympiske komité (hhv. 53 % og 26 %). Diagrammet under viser prosentvis fordeling.

#### Prosentvis fordeling av idretten sine spelemedlar år 2019



Totalt 2 861 mill. kr

21 Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2020-2021) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 162 til 169.

22 Skifta namn frå ExtraStiftelsen 25. september 2019.

23 Pressemelding frå Kulturdepartementet 7. mai 2020, beløp er avrunda.

Totalt fekk samfunnssnyttige og humanitære organisasjonar 804,8 millionar kroner.<sup>24</sup>

Midlane blir fordelt etter forskrift om tilskot til samfunnssnyttige og humanitære organisasjonar frå speloverskotet til Norsk Tipping.

Beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Redningsselskapet og Norsk Folkehjelp får tildelt ein fast prosentdel basert på tilskot dei mottok i 2015. Andre organisasjonar som fyller krava i forskriftera kan søke om tilskot frå resten av beløpet til samfunnssnyttige og humanitære organisasjonar. Det er ei minstegrense for å kunne delta i ordninga på 10 millionar kroner i søknadsgrunnlag.

Fordeling av speleoverskotet til samfunnssnyttige og humanitære organisasjonar i 2020	Frå Norsk Tipping sitt overskot 2019
Norges Røde Kors	254,3 mill
Redningsselskapet	156,9 mill
Norsk Folkehjelp	19,3 mill
Tilskot som blir fordelt til øvrige organisasjonar etter søknad	374,2 mill
Totalt	804,8 mill

43 organisasjonar<sup>25</sup> har etter søknad fått tildelt 374 millionar kroner.

	Tal organisasjonar	Totalt tildelt
Helse	29	208,7 mill
Musikk/kultur/fritid	3	26,9 mill
Humanitær	4	80,1 mill
Diverse	4	58,4 mill
Totalt	40	374,2 mill

24 Frå: Kulturdepartementet: Prop. 1 S (2020-2021) «Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)», side 168.

25 Sjå vedlegg for namn på organisasjonane og fordeling.

## Grasrotandelen

Frå Norsk Tipping si speleomsetning i 2019 har det gått 698 millionar<sup>26</sup> til nærare 33 000 lokale lag og foreiningar. Inntil 7 prosent av innsatsen som blei satsa i spel i 2019 kunne gå til foreiningar som Norsk Tipping sine spelarar sjølv bestemmer at pengane skal gå til. Ein føresetnad for å få midlar frå ordninga er at laget er registrert i Frivillighetsregisteret, og at spelar har registrert eit lag som mottakar av grasrotmidlar.

Kategori i Frivillighetsregisteret (ICNPO)	Lotteritilsynet si kategorisering	Utbetalte grasrotmidlar i 2019-kroner	Tal foreiningar
Idrett	Idrett	376 199 010	9 258
Kultur og kunst	Musikk/kultur/fritid	68 364 430	6 522
Rekreasjon og sosiale foreiningar	Musikk/kultur/fritid	66 124 398	6 538
Interesseorganisasjonar	Helse	41 493 033	2 649
Dyrevern	Diverse	29 728 909	133
Sosiale tenester	- fleire kategoriar	28 923 877	1 006
Lokalsamfunnsutvikling	Musikk/kultur/fritid	25 118 920	2 627
Barne- og ungdomsorganisasjonar	Musikk/kultur/fritid	24 260 943	1 623
Andre helsetenester	- fleire kategoriar	11 099 615	491
Internasjonale aktivitetar	Humanitær	5 994 079	250
Krisehjelp og støttearbeid	- fleire kategoriar	4 892 865	187
Trus- og livssynsorganisasjonar	Diverse	3 939 354	635
Økonomisk og materiell støtte	- fleire kategoriar	3 076 519	147
Mangfald og inkludering	- fleire kategoriar	2 785 591	273
Natur- og miljøvern	Diverse	2 052 347	228
Pengeutdelande stiftelsar	Humanitær	1 442 917	10
Frivillighetssentraler	Musikk/kultur/fritid	1 159 532	97
Andre	Diverse	554 464	22
Politiske organisasjonar	Diverse	356 832	75
Bustad- og lokalmiljø	Diverse	232 571	39
Anna utdanning	Diverse	136 952	13
Forsking og utvikling	Diverse	94 513	6
Sjukehus og rehabilitering	Helse	82 460	4
Grunn og vidaregåande utdanning	Diverse	57 720	4
Juridisk rådgiving	Diverse	56 480	3
Arbeidsopplæring	Diverse	18 915	1
Sjukeheimar	Helse	10 438	1
Yrkessamanslutningar	Diverse	6 309	5
Høgskule og universitet	Diverse	1 312	3
Arbeidstakarorganisasjonar	Diverse	39	2
Totalt		698 265 345	32 852

<sup>26</sup> På grunn av periodisering av opptening og utbetaling er det betalt ut ein mindre del som skriv seg frå tidlegare omsetning. Mellom anna mottek ikkje organisasjonar midlar før opptent beløp har nådd ein viss storleik.

I høve til Lotteritilsynet si kategorisering av formål kan fordelinga visast slik:

Grasrotandel 2019	Millionar	Prosent
Idrett	376	54 %
Helse	42	6 %
Musikk/kultur/fritid	185	26 %
Humanitær	7	1 %
Diverse	37	5 %
Fleire kategoriar (oftast Humanitær eller Helse)	51	7 %
Totalt	649	100 %

Største delen av grasrotmidlane, 54 prosent, har i 2019 gått til idrettslag. Også organisasjonar innan Musikk/kultur/fritid har fått ein forholdsvis stor del. Helse- og humanitære organisasjonar inngår ofte i gruppa som her er nemnt som *Fleire kategoriar*. Dermed er deira del av ordninga noko større enn det som kjem fram blant dei fem første kategoriane.

## Formålsinntekter frå Belago

Overskotet frå Belago-terminalar går til lag og foreiningar som er formålsmottakarar i dei bingo-hallane der terminalane er utplassert.

For 2019 gjekk det frå desse terminalane 66,1 millionar til formål. Mottakarane av overskotet får ein fast prosent av netto omsetning på Belago-terminalane (30 % av 220 millionar i 2019). Beløpet blir betalt ut gjennom bingoentrepreneurane. Basert på kategorisering av ICNPO koder<sup>27</sup> (som for grasrotandelen) viser Lotteritilsynet korleis dette fordeler seg på fem kategoriar av lag og foreiningar.

Belago	Millionar
Idrett	29,5
Helse	16,6
Musikk/kultur/fritid	15,5
Humanitær	2,1
Diverse	2,4
Totalt	66,1

<sup>27</sup> 138 lag og foreiningar med totalt 2,5 millionar i inntekt frå Belago er ikkje registrert med ICNPO kode, også desse er her fordelt på dei fem kategoriane.

## Stiftelsen Dam

Stiftelsen Dam fekk 306 millionar frå tippenøkkelen og Norsk Tipping sitt overskot for 2019. Tidlegare var stiftelsen sitt namn Extrastiftelsen.

### Fordeling til formål frå Stiftelsen Dam


Stiftelsen Dam fordeler overskotet frå Norsk Tipping til ei rekke organisasjonar. Frivillige helseorganisasjonar kan søkje om midlar. Midlar blir fordelt til prosjekt vurdert ut frå faglege kvalitetskrav og relevans i høve til stiftelsen sine utlysingar. Frå speleooverskotet i 2019 delte stiftelsen ut 295 millionar. Her inngår også stiftelsen sitt program Ekspress, der stiftelsen sine medlemsorganisasjonar har motteke 11 millionar kroner samt ekstraprogram i forbindelse med koronapandemien på 20 millionar. Fordelinga skjedde i 2020.

Fordeling til formål	Mill. kr	Prosent
Helse	123,5	50 %
Forsking	80,3	33 %
Utvikling	20,9	9 %
Ekstraprogram i forbindelse med koronapandemien	20,2	8 %
Sum	244,9	100 %
Ekspress	11,0	
Adm.tilskot til mottakarorganisasjon	39,2	
Totalt	295,0	

# Norsk Rikstoto

Norsk Rikstoto har fleire spel der det blir spelt på hest. Samla omsetning før gevinstutbetaling var 3,4 milliardar kroner i 2019.

Brutto omsetning Norsk Rikstoto sine spel år 2019, totalt 3 398 millionar kroner



Omsetning og gevinst	Mill. kr	Prosent
Total brutto omsetning	3 398,2	100 %
Totalt til gevinst	2 324,3	68 %
Total netto omsetning	1 153,8	32 %

Om lag to tredjedelar av totalomsetninga gjekk tilbake til spelarane som gevinst, og ein tredjedel vart fordelt på operatør, kommisjonærar og formål.

Norsk Rikstoto sine spel kan spelast hos kommisjonærar, på baner eller via Internett. Talet på kommisjonærar med terminalar er redusert gjennom 2019, frå 1 606 (1. jan. 2019) til 1 471 (31. des. 2019). I Norge er det 11 trav- og galoppbaner, men det kan også spelast på løp i andre land.

31 prosent av omsetninga gjekk gjennom kommisjonærar over disk. Omsetning på baner utgjorde ca. 3 prosent, medan Internett utgjorde 66 prosent. I 2018 utgjorde omsetninga over Internett 62 prosent.

<u>Brutto omsetning i salskanalar</u>	<u>Mill. kr</u>	<u>Prosent</u>
Kommisjonær (ikkje over Internett)	1 057,2	31,1%
Baner	90,5	2,7 %
Internett/Mobil	2 250,5	66,2 %
Totalt	3 398,2	100,0 %

## Netto omsetning og fordeling på aktørane i marknaden

Etter utbetaling av gevinstar, var det 1 074 millionar kroner til fordeling mellom aktørane.

<u>Fordeling av netto omsetning</u>	<u>Mill. kr</u>	<u>Prosent</u>
Til formål	495,1	46 %
Avgift til staten	125,7	12 %
Til operatør (Rikstoto)	362,6	34 %
Til kommisjonær	90,5	8 %
<b>Sum = netto omsetning</b>	<b>1 073,9</b>	<b>100 %</b>

Til formåla gjekk det 495 millionar kroner eller 46 prosent av netto omsetning. I 2018 var prosenten til formål 47, som då utgjorde 538 millionar.

<u>Fordeling til formål</u>	<u>Mill. kr</u>
Løps- og oppdrettspremiar	226,9
Transporttilskot	2,5
Norsk Hestesenter	27,2
Det Norske Travselskap	48,2
Norsk Jockeyklubb	23,0
Bidrag avskriving finans	8,8
Provisjon driftsselskap (banene)	158,6
<b>Totalt<sup>28</sup></b>	<b>495,1</b>

## Forklaring til dei ulike formåla

**Løps- og oppdrettspremiar:** Dette er løpspremiar utbetalte til hesteeigarar i storløp og ordinære løp arrangert av banene. Her inngår også premiar til oppdrettarar med 21,9 millionar.

**Norsk Hestesenter** på Starum mottar driftstilskot frå Norsk Rikstoto. Norsk Hestesenter skal ta vare på og vidareutvikle hestenæringa, og sjå til at det finst kvalifiserte og kompetente yrkesutøvarar.

**Transporttilskot** blir overført til DNT som betalar ut støtte til aktive for transport av hestar til løpsbaner.

**Det Norske Travselskap (DNT)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane innan travsporten. DNT får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.


**Norsk Jockeyklubb (NJ)** skal ivareta dei sportslege aktivitetane i galoppsporten. NJ får driftstilskot frå Norsk Rikstoto.

**Bidrag avskriving finans** er finansiell støtte som Norsk Rikstoto gir til DS (totalisatorbanene). Dette er støtte som kjem i tillegg til provisjon av omsetning i totalisatorbanene sine regionar.

**Provisjon driftsselskap (DS)** blir utrekna etter omsetning i regionen til det einskilde DS. Inntekt skal dekke drift på den einskilde løpsbane.

<sup>28</sup> I årsmelding oppgir Rikstoto kroner 505,9 millionar. Stevneveterinær- og dopingkostnader med totalt 10,8 millionar er ikkje medrekna her.

Prosentvis fordeling av formålsmidlar frå Norsk Rikstoto 2019, totalt kr 495 millionar



## Statsavgift

Avgift til staten var kroner 125,7 millionar i 2019. Dette utgjer 12 % av netto omsetning og 3,7 % av brutto omsetning.

## Rikstoto og kommisjonærane

Kommisjonærar fekk 90,5 mill. eller 8 prosent av samla netto omsetning. I tillegg til godtgjersle til dei tradisjonelle kommisjonærane som tilbyr spel over disk, inngår her også godtgjersle til eksterne nettkommisjonærar. Nettkommisjonærar tilbyr Norsk Rikstoto sine spel frå deira eigne nettsider.

Andre nøkkeltal for Norsk Rikstoto	Mill. kr
RT sine inntekter frå hestespel	362,6
Andre inntekter	51,4
Samla kostnader	436,5
Årsresultat	-22,5

Årsresultatet for Norsk Rikstoto vart eit underskot på 22,5 millionar i 2019. I 2018 var resultatet eit underskot på 41,3 millionar.

## Spel på nett og mobil – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto

Norsk Tipping AS og Norsk Rikstoto tilbyr spel over internett der ein kan kjøpe spel frå PC, nettbrett eller mobiltelefon. For fleire av spela er det same spel som ein kjøper hos tradisjonell kommisjonær eller på løpsbaner. Spel i kategoriane KongKasino, Bingoria og online skrapespel hos Norsk Tipping samt Liveodds kan berre kjøpast over internett eller mobil.

Dei siste åra har over halvparten av brutto omsetning hos begge operatørane kome frå spel over nett og mobil.

Norsk Rikstoto tilbyr spel på hest, og i 2019 var 66 % av spelet kjøpt på internett og mobil. Norsk Tipping har ein

breiare spelportefølje, og totalt kom 68 % av bruttomsetningen på nett og mobil i 2019.

For Norsk Tipping sine kategoriar KongKasino, Bingoria og online skrapespel kom 100 % via internett og mobil. Tilsvarande del frå sportsspel og talspel var høvesvis 86 % og 58 %. Norsk Tipping sine andre spel, Multix, Belago og Flax i papirformat, blir ikkje tilbydd over internett og mobil.

På bakgrunn av spørjeundersøkingar som Sentio Research Norge AS gjennomførte for Lotteritilsynet i 2019 og tal frå den norske marknaden, har vi tidlegare presentert resultat og anslag for spel på internett for 2019<sup>29</sup>.

Prosent av brutto omsetning over internett og mobil	2011	2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Norsk Tipping	13 %	15 %	17 %	32 %	38 %	44 %	51 %	59 %	68 %
Norsk Rikstoto	28 %	32 %	36 %	40 %	43 %	46 %	49 %	62 %	66 %

<sup>29</sup> Kvartalsvise målinger gjort i 2018 (totalt 4 000 spurde over 18 år).

Frå desse undersøkingane har 23 prosent av nordmenn, 18 år og eldre, brukt internett til pengespel (både på norske og utanlandske nettstader). I 2019 utgjorde dette om lag ein million nordmenn over 18 år. 92 prosent av nettspelarane sa dei hadde spelt hos Norsk Tipping eller Norsk Rikstoto.

18 prosent av nettspelarane svarte at dei hadde spelt på utanlandske nettstader, noko som utgjer fire prosent av nordmenn 18 år og eldre.

Lotteritilsynet reknar ikkje med at spørjeundersøkingane fangar opp alle som spelar, men meir dei som spelar ofte og regelmessig enn dei som spelar sjeldan og sporadisk.

For 2019 anslår Lotteritilsynet at nordmenn etter gevinstutbetaling (netto omsetning) la igjen mellom 1 700 og 2 000 millionar kroner på utanlandske nettstadar.

Bingo deler vi i to typar:

*Bingo med entreprenør* der entreprenør står for drifta medan lag og foreiningar får overskotet, og *bingo utan entreprenør* der lag og foreiningar sjølve står for drifta.

## Bingo med entreprenør

Dette er arrangement der profesjonelle entreprenørar driv bingo i eigne lokale, og overfører overskot frå spel til ulike lag og organisasjonar.

Oversikten nedanfor er basert på rapporterte data i Lotteriregisteret med informasjon om 49 bingoentreprenørar som til saman dreiv 217 bingolokale per 31. desember 2019. Talet på entreprenørar er redusert med fire, og talet på lokale er redusert med fire sidan 2018<sup>30</sup>.

### Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2019

Brutto omsetning sidespel er inkludert	4 638 mill kr
Gevinst	3 831 mill kr
Netto omsetning	807 mill kr
administrativ kostnad	604 mill kr
overskot til formåla <sup>31</sup>	203 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	25 %
Gevinstprosent	81 %

Entreprenørbingo omsette for nær 4,64 milliardar kroner i år 2019. Til lag og organisasjonar vart det overført 203 millionar kroner eller 4 prosent av brutto omsetning. Gevinstdel er 83 prosent og formåla sin del av netto omsetning er 25 prosent.

Samanlikna med 2018 har omsetninga stige. Brutto omsetning i 2018 var 3 648 millionar kroner, og netto omsetning var 696 millionar kroner.

Formåla har i 2019 fått meir inntekt frå bingo enn i 2018. Auken utgjorde 32 millionar. Dei fleste formåla hos bingoentreprenørar har i tillegg inntekt frå Belago der inntektene er litt redusert. Totalt har formålets inntekter auka med om lag 29 millionar.

Norsk Tipping sine Belago-terminalar er utplassert i bingolokale, og formålsinntektene går til same formål som har inntekt frå dei andre spela i bingolokalet. I 2019 fekk formåla 66 millionar kroner frå Belago, ein reduksjon på 3 millionar kroner frå 2018.

<sup>30</sup> I 2018 rapporterte vi om 239 bingohallar per 31.12. I flg. Lotteriregisteret var korrekt tal 221 ved årsskiftet.

<sup>31</sup> Etter at entreprenørar sine utlegg for organisasjonane sine gebyr er trekke i frå (totalt 5 millionar).

## Bingo med entreprenør – nøkkeltal år 2019

Tal i millionar kroner	Brutto-omsetn.	Gevinst	Gevinst-prosent	Netto-omsetn.	Til formål	% til formål av nettoomsetning
Hovudspel	1 081	798	74 %	283	47	17 %
Sidespel:						
- databingo	3 557	3 033	85 %	524	155	30 %
- papirsidespel	0,5	0,3	68 %	0,1	0,1	30 %
Totalt	4 638	3 831	83 %	807	203	25 %

For hovudspel har netto omsetning hatt ein auke frå 2018 då den var oppgitt til 278 millionar kroner. Netto omsetning for sidespel er auka frå 419 millionar i 2018. Totalt sett er netto omsetning auka med 111 millionar samanlikna med 2018.

Auken i omsetninga heng saman med at bingoforskrifta vart endra i januar 2019 . Databingo fekk då meir liberale reglar gjennom endring av den sokalla «30 sekunders regelen». Før var det krav om 30 sekund pause frå trekning av eit spel var avslutta, til neste spel kunne starte. Dette vart endra til 30 sekund mellom oppstart av eit spel til neste kan starte.

83 prosent av omsetninga i entreprenørbingo gjekk tilbake til spelarar som gevinstar. Høgast gevinstprosent har databingo med 85 prosent.

Lag og foreiningar fekk totalt 203 millionar kroner i inntekt frå entreprenørbingo utan at Belago er rekna med. 77 prosent av desse inntektene kom frå sidespela,

og nesten utelukkande frå databingo (155 millionar kroner).

Bingoentrepreneurane har rapportert at dei spelte for 3 199 lag og foreiningar i år 2019.


Mange lag og organisasjoner som har inntekt frå bingospel får også inntekt frå Norsk Tipping sine Belago-terminalar som er utplassert i bingohallar. For 2019 vart det gjennom bingoentrepreneurane fordelt vel 66 millionar kroner.

Ved utgangen av 2019 var det totalt utplassert 1 689 Belago-terminalar i 215 bingohallar. Bingoentrepreneurane har rapportert at dei har fordelt inntekt frå Belago til 3 192 lag og foreiningar.

Med unntak av eitt lokale stod det ved utgangen av året databingo-terminalar i alle bingoallane, og vi reknar med at det var utplassert mellom 6 000 og 7 000 terminalar.

Formål	Bingoinntekter (hovud- og sidespel) <sup>32</sup>	Belagoinntekter <sup>33</sup>	Totalt	
	Mill.	Mill.	Mill.	Prosent
Idrett	97	30	127	47 %
Helse	44	17	60	22 %
Musikk/kultur/fritid	50	15	65	24 %
Humanitær	5	2	7	3 %
Diverse	7	2	9	3 %
Totalt	203	66	269	100 %

Inntekt til formåla i 2019 medrekna Belago, totalt 269 millionar kroner



Idretten fekk ein forholdsvis stor del av overskotet, 127 millionar kroner når Belago blir medrekna. Blant andre kategoriar er det foreiningar innan helse samt musikk, kultur og fritid som hadde størst inntekt med høvesvis 60 og 65 millionar kroner.

<sup>32</sup> 138 lag og foreiningar var utan ICNPO-kode, men er her plassert på dei fem kategoriene.

Dette gjeld også dei som har ICNPO-koder som omfattar fleire kategoriar.

<sup>33</sup> Formålsinntekter frå Belago er vist her, men inngår elles i rapporten som formål frå Norsk Tipping sine spel.

## Bingo utan entreprenør

Dei fleste bingoane her er omtalt som *forenings- eller bygdebingoar*.

I tillegg inngår bingo gjennom lokalradio og lokalfjernsyn.

Nøkkeltal er henta frå Lotteriregisteret og mottekne bingorekneskap for 2019, 158 rekneskap for vanleg foreningsbingo og 72 rekneskap for radio- /TV-bingo.

### Bingo utan entreprenør – nøkkeltal år 2019

	Foreningsbingo	Radio/TV	Sum
Brutto omsetning	54 mill kr	73 mill kr	127 mill kr
Gevinst	36 mill kr	32 mill kr	67 mill kr
Netto omsetning	18 mill kr	42 mill kr	59 mill kr
administrativ kostnad			
overskot til formål	7 mill kr	3 mill kr	11 mill kr
	11 mill kr	38 mill kr	49 mill kr
Berekna del til formåla av netto omsetning			
Gevinstprosent	60 %	92 %	82 %
	67 %	43 %	53 %

Brutto omsetning for bingo utan entreprenør var på 127 millionar kroner i 2019, fordelt på høvesvis 54 millionar kroner for foreningsbingo<sup>34</sup> og 73 millionar for radio/ TV-bingo. Total omsetning er auka frå 113 millionar i 2018. Omsetninga har auka mest for radio- og TV-bingo der omsetninga i 2018 vart rapport til 61 millionar.

Beløp som er rapportert til formål er for ein del bingoløyve det same talet som for netto omsetning. Reelt beløp til formålet vil dermed være noko lågare enn det som kjem fram her.

<sup>34</sup> Omsetning inklusiv papirsidespel.

I tillegg til bingo har vi for 2019 registrert om lag 3 000 ulike lotteri.

Dei fleste lotteria er lokale og små, medan det er landsdekkjande lotteri som har det meste av omsetninga. Her viser vi tal for landslotteria, lotteria etter § 7 i Lotterilova, mindre lokale eller regionale lotteri og nøkkeltal frå Poker-NM.

## Landslotteri

Landslotteri er landsdekkjande.

For 2019 har vi fått innrapportert 30 lotteri. I 2018 var talet 33.

### Landslotteri – nøkkeltal år 2019

Loddsal	121,9 mill kr
Gevinstkostnad	13,1 mill kr
Netto omsetning	108,8 mill kr
administrative kostnader	63,8 mill kr
overskot til formåla	45,0 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	37 %
Formåla sin del av netto omsetning	41 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	11 %

Total omsetning var 122 millionar kroner.

Samla gevinstkostnad i 2019 var 13 millionar. Dette er kostnader med gevinstane, og treng ikkje vere gevinstane sin verdi for vinnarar. Til dømes er eventuelle rabattar trekte i frå. Administrative kostnader utgjorde 64 millionar.

Overskotet til organisasjonane var 45 millionar. Dette utgjorde 37 prosent av brutto – og 41 prosent av netto omsetning.

Merk at tal for landslotteri frå og med 2018 ikkje kan samanliknast med tidlegare år. Dette er fordi lotteri etter paragraf 7 i lotterilova no blir presentert for seg, medan dette til og med 2017 var presentert i lag med landslotteri. I 2017 gjaldt dette Pantelotteriet og UNICEF-lotteriet.

Landslotteri blir selde på ulike måtar, m.a. gjennom abonnement, telemarketing (TM), direkte post (DM) og medlemsal. Eit lotteri kan ha fleire salskanalar.

## Fordeling av brutto omsetning og inntekt til formåla

Kategori <sup>35</sup>	Brutto oms. (mill.)	Overskot (mill.)	Del av samla brutto oms.	Del av samla overskot	Prosent overskot av brutto oms.
Idrett	13,2	9,1	11 %	20 %	69 %
Helse	70,1	21,6	57 %	48 %	31 %
Musikk, kultur og fritid	5,4	4,2	4 %	9 %	77 %
Humanitær	30,1	8,9	25 %	20 %	30 %
Diverse	3,2	1,3	3 %	3 %	40 %
Totalt	121,9	45,0	100 %	100 %	37 %

Helseorganisasjonar har størst omsetning og totalt 57 prosent av heile marknaden.

## Fordeling av netto omsetning

Kategori	Netto oms. (mill.)	Adm. kostn. (mill.)	Overskot (mill.)	Adm. kostn. av netto omsetning	Overskot av netto omsetning
Idrett	12,2	3,1	9,1	25 %	75 %
Helse	61,4	39,8	21,6	65 %	35 %
Musikk, kultur og fritid	4,8	0,6	4,2	13 %	87 %
Humanitær	27,6	18,7	8,9	68 %	32 %
Diverse	2,8	1,5	1,3	54 %	46 %
Totalt	108,8	63,8	45,0	59 %	41 %

Administrative kostnader utgjorde 64 millionar kroner. Dette var kostnader knytt til lotteria, anten i eigen organisasjon eller som honorar/provisjon til profesjonelle operatørar. Her inngår difor kostnader m.a. til marknadsføring, telefonsal etc., men ikkje gevinstkostnader.

Av landslotteria er det berre Landsforeningen for hjerte- og lungesyke sitt eige lotteri som har ei omsetning over 10 millionar kroner. I 2019 omsette LHL sitt lotteri for 45 millionar mot 53 millionar i 2018.

## Større lotteri etter § 7 i Lotterilova

Dette er lotteri som kvar kan ha ei årlig omsetning på inntil 300 millionar kroner.

I 2019 var det totalt fem slike lotteri. Fleire av dei fem var i ferd med å lansere seg, medan særleg eitt lotteri var godt innarbeidd i den norske markanden. Det største lotteriet i 2019 var Pantelotteriet. Dette har vore i marknaden i mange år og hadde ei brutto omsetning på 179 millionar. Det nest største var Postkodelotteriet som nådde ei omsetning på 119 millionar. Unicef-lotteriet hadde nær 4 millionar. Dei to siste lotteria hadde mindre omsetning.

Omsetninga for desse lotteria nådde i 2019 totalt 302 millionar mot 163 millionar året før. Det er særleg Postkode-lotteriet som har auka omsetninga, og 2019 var det første heile driftsåret for dette lotteriet.

35 Liste over organisasjonane i vedlegg.

### § 7 – lotteri, nøkkeltal år 2019

Loddsal	302,4 mill kr
Gevinstkostnad	149,9 mill kr
Netto omsetning	152,5 mill kr
administrative kostnader	71,9 mill kr
overskot til formåla	80,6 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	27 %
Formåla sin del av netto omsetning	53 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	50 %

Organisasjonane som har inntekter fra desse lotteria er Norges Røde Kors (Pantelotteriet), WWF Norge og SOS-Barnebyer Norge (Postkodelotteriet), Unicefkomiteen Norge (Unicef-lotteriet), Regnskogsfondet, Caritas Norge og Utviklingsfondet (frå Klimalotteriet) samt Right to Play (FotoLotto).

Frå vår kategorisering av formål har 72 millionar gått til organisasjonar i kategorien Humanitær, medan nær 9 millionar går til miljøorganisasjonar som fell inn under kategorien Diverse.

### Lokale/regionale lotteri

Til saman vart det arrangert om lag 2 953 lokale og regionale lotteri i 2019. 2 883 var meldingslotteri og i tillegg har 70 lotteri fått løyve<sup>36</sup>.

Viser til vedlegg for berekning av omsetning og estimat for meldingslotteri.

### Lokale/regionale lotteri – estimerte nøkkeltal år 2019

Estimert brutto omsetning (runda opp til nærmeste 10 mill)	160 mill kr
Gevinstkostnad	30 mill kr
Netto omsetning	130 mill kr
administrativ kostnad	10 mill kr
overskot til formåla	120 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	75 %
Formåla sin del av netto omsetning	92 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	19 %

Ikkje alle lotteri har gevinstkostnader, mellom anna fordi gevinstar er gitt som gaver.

<sup>36</sup> Arrangør av lotteri med omsetning opp til kroner 200 000,- per år treng ikkje løyve, men melder frå til Lotteritilsynet. Lotteri med omsetning over kroner 200 000,- treng løyve frå Lotteritilsynet.

## Poker-NM

Norgesmeisterskapen i poker vart for femte gong arrangert i Norge i 2019.

### Poker-NM, nøkkeltal år 2019

Brutto omsetning (deltakaravgift)	21,7 mill kr
Gevinstkostnad	18,0 mill kr
Netto omsetning	3,7 mill kr
administrativ kostnad	2,6 mill kr
overskot til formål	1,1 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	5 %
Formåla sin del av netto omsetning	30 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	83 %

Det var Gynkreftforeningen som mottok formålsandelen frå Poker-NM i 2019.

# 8.

## Spel på skip mellom norsk og utanlandsk hamn

Spel på norske skip som går i rute mellom norske og utanlandske hamner er regulert etter eigen forskrift. Av netto omsetning skal 20 prosent gå til lotteriverdige organisasjonar. I praksis er det Color Line sine seks skip i rute mellom norsk og utanlandsk hamn som blir regulert etter denne forskriften. Om bord på skipa er der to typar spel: Automatar og spelebord. Spelebord er Black Jack og rulett.

Norske og utanlandske passasjerar spelte i 2019 for 556 millionar om bord i desse skipa. Det meste vart spelt på automatar, men 10 prosent vart satsa ved spelebord.

### Spel på skip – nøkkeltal 2019

Brutto omsetning <sup>37</sup>	
Automatar	498,6 mill kr
Spelebord	57,8 mill kr
Totalt	556,4 mill kr
Utbetalt gevinst	
Automatar	431,8 mill kr
Spelebord	38,5 mill kr
Totalt	470,3 mill kr
Total netto omsetning	86,1 mill kr
administrativ kostnad	68,9 mill kr
overskot til formåla	17,2 mill kr
Formåla sin del av brutto omsetning	3 %
Formåla sin del av netto omsetning	20 %
Gevinstkostnad av brutto omsetning	85 %

17,2 millionar var fordelt til 85 ulike organisasjonar som etter vår kategorisering av formål fell inn i følgjande kategoriar:

Formål	Mill. kr	Prosent
Idrett	13,6	79 %
Helse	0,9	5 %
Musikk/kultur/fritid	1,6	9 %
Humanitær	0,6	3 %
Diverse	0,6	3 %
Totalt	17,2	100 %

<sup>37</sup> Brutto omsetning for automatar er det totale beløpet det er spelt for, både det som er lagt på automatar av fysiske pengar og spel av gevinstar som ikkje først er utbetalte. For spelebord er brutto omsetning talet på sjetongar som er kjøpt.

# English summary

In 2019 the turnover in the Norwegian gambling and lottery market amounted to NOK 49.6 billion. Out of this, the players collected NOK 39.0 billion in prize money.

This left an expenditure of NOK 10.6 billion to be distributed among the market participants, i.e. operators, entrepreneurs, site owners, agents, as well as associations and organisations.

The turnover increased from NOK 46.5 billion in 2018.

## Key figures in the gambling market in Norway

Year 2019	Million			
	NOK	EUR <sup>38</sup>	NOK	EUR
Gross turnover (total wagered)	49 592	5 033		
Prizes	39 015	3 960		
Net turnover (expenditure/loss)	10 577	1 074		
		Amount wagered		Expenditure
Year 2019	NOK	EUR	NOK	EUR
	9 273	941	1 978	201
Per capita <sup>39</sup>				
Per capita, 18 years and older	11 726	1 190	2 501	254
Per household <sup>40</sup>	20 030	2 033	4 272	434
Percentage of disposable income <sup>41</sup>	3.22 %		0.69 %	

On average, each Norwegian citizen (young or old) wagered NOK 9,273 in 2019.

After deduction of prizes, each Norwegian citizen spent NOK 1,978. This amounts to 0.7 % of the disposable income per household.


<sup>38</sup> Average rate of exchange 2019 as determined by Norges Bank: 9.8527.

<sup>39</sup> Average population as determined by Statistics Norway.

<sup>40</sup> The average number of persons per household is 2.16. (Figures from Statistics Norway).

<sup>41</sup> Statistics Norway, (SSB): Disposable income NOK 1,540,356 million.

## The Norwegian gambling market – gross turnover (sales) in 2019, total NOK 49 592 million



The largest amount wagered was on games provided by Norsk Tipping, i.e. approximately NOK 40.3 billion (of this 6.8 billion on IVTs and 18.0 billion on interactive online games).<sup>42</sup> Norwegians wagered NOK 3.4 billion on horse racing through Norsk Rikstoto.

Land based bingo and lotteries make up the private sector of the market. Bingo had a turnover close to NOK 4.8 billion, with entrepreneur bingo accounting for the major portion at NOK 4.64 billion. Also included here are side games (electronic<sup>43</sup> and paper). Non-entrepreneur bingo is NOK 127 million.

Among the lotteries, five licensed and the nationals have the highest turnover at NOK 424 million. For the other lotteries, we stipulate a turnover of NOK 160 million.

In 2019 the Norwegian championship in tournament poker (*Poker-NM*) took place in Norway for the fifth time. The total fee paid by the participants amounted to NOK 22 million.


On Norwegian ships, sailing in route traffic to foreign harbours it was wagered NOK 556 million in 2019<sup>44</sup>.

<sup>42</sup> Gross gaming revenue (turnover after prizes are paid out) for IVTs is NOK 503 million, and NOK 981 million on online Casino, online Scratch games and online Bingo.


<sup>43</sup> Bingo machines

<sup>44</sup> For table games the value of chips purchased. For slot machines the total value of all games played.

The Norwegian gambling market 2019, market shares of gross turnover (sales)



The Norwegian gambling market 2019, market share of gross gaming revenue (GGR)



Total NOK 10.6 billion

# 10.

## Vedlegg

### Om talmaterialet

Talmaterialet i rapporten byggjer hovudsakleg på tal rapportert fra operatørar og entreprenørar i marknaden.

Tal fra Norsk Tipping er for det meste henta inn fra Norsk Tipping, medan fordelinga av idretten og delar av kulturformåla sine tippemidlar kjem frå Kulturdepartementet. Fordelinga av formålsmidlane til Stiftelsen Dam er oppgitt av stiftelsen sjølv.

Bingoentreprenørar har rapportert sine tal til Lotteritilsynet og vi har registrert tala i Lotteriregisteret. For landslotteri og større lotteri byggjer talmaterialet på rekneskap frå organisasjonane sjølv.

For mindre lokale og regionale lotteri er omsetnings-tala vi presenterer estimat som Lotteritilsynet sjølv har gjort. Utgangspunktet er rekneskapsopplysninga for 2019.

Nedanfor viser vi nærmere korleis ulike utrekningar er gjort for dei spel og lotteri der vi ikkje har fullstendig informasjon.

### Kategorisering av formål

#### **Idrett/sport**

Lokale idrettslag, generelle idrettsorganisasjonar, og meir administrative idrettssamanslutningar, f eks Aksla Idrettslag, Alta Idrettsforening og Sogn og Fjordane Idrettskrins. Særforbund innan idrett, uavhengig av om dei er lokale eller nasjonale, f eks Ankenes Skiklubb og Norges Friidrettsforbund.

#### **Helse**

Organisasjonar og foreiningar som naturleg fell inn under denne kategorien, f eks Bergen Døveforening, Den norske kreftforening og Norges Handikapforbund.

#### **Musikk/ kultur/ fritidsorganisasjonar**

Alle musikkorps, kor, sogelag, jeger- og fiskeforeiningar, velforeiningar, 4H klubbar, ungdomslag og pensjonistforeiningar m.m..

#### **Humanitær verksemd**

Bl.a. Røde kors, Redningsselskapet, Care Norge, Lions, Flyktningerådet, Redd Barna og liknande.

#### **Diverse organisasjonar**

«Særorganisasjonar» eller interessen-samanslutningar som ikkje naturleg fell inn under gruppene over, som til dømes NAF motorsport, miljøvernorganisasjonar, dyrevern, menneskerettighetsgrupper, politiske parti eller namn/organisasjonar som ikkje let seg klassifisere.

Vi har også brukt ICNPO-kodane til organisasjonane for å gruppere til desse kategoriene.

## Landslotteri 2019 – organisasjonane i dei ulike kategoriene

Idrett	Norges Badmintonforbund Norges Fotballforbund (2 lotteri) Sportslotteriet <sup>45</sup> (2 lotteri)
Helse	Diabetesforbundet Foreningen for Muskelsyke Hørselshemmedes Landsforbund Landsforeningen for hjerte og lungesyke Landsforeningen Uventet Barnedød MS-forbundet Nasjonalforeningen for folkehelsen Norges Astma- og Allergiforbund Norske Kvinners Sanitetsforening Organisasjonen Voksne for Barn Psoriasis- og eksemforbundet Stoffskifteforbundet Organisasjonen Voksne for Barn VinnVinn Hestesko <sup>46</sup>
Musikk, kultur og fritid	4H Norge Norges Musikkorps Forbund
Humanitær	Adopsjonsforum Norges Livredningsselskap Norsk Folkehjelp Redningsselskapet Stiftelsen Flyktinghjelpen VinnVinn Hestesko
Diverse	Den indre sjømannsmisjon Den Norske Israelmisjonen MA – rusfri trafikk Noregs Mållag

<sup>45</sup> Sportslotteriet omfattar lotteriløye for Norges Bandyforbund, Norges Basketballforbund, Norges Bokseforbund, Norges Bordtennisforbund, Norges Bowlingforbund, Norges Danseforbund, og Norges Gymnastikk- og Turnforbund.

<sup>46</sup> VinnVinn Hestesko omfattar Kreftforeningen, LHL, Norges Handikapforbund og Redningsselskapet.

Tilskot til samfunnsnyttige og humanitære organisasjoner,  
frå Norsk Tippings overskot i 2019 – utbetalte etter søknad i 2020

ADHD Norge	1 721 350
Barnekreftforeningen	3 933 711
Blå Kors Norge	6 294 541
Brystkreftforeningen	1 164 337
Cerebral Parese-foreningen	2 096 885
Den Norske Turistforening	14 520 105
Diabetesforbundet	6 839 483
Dyrebeskyttelsen Norge	1 107 697
Dysleksi Norge	1 242 971
Forandringsfabrikken stiftelse	1 783 582
Foreningen for hjertesyke barn	2 765 883
Framtiden i våre hender	3 447 046
Frelsesarmeen	45 079 416
HLF Hørselhemmedes Landsforbund	9 302 078
IOGT i Norge	2 817 825
Kirkens SOS	2 910 755
Kreftforeningen	59 510 013
Landsforeningen for hjerte og lungesyke	18 253 545
Landsforeningen Uventet Barnedød	1 189 341
Mental Helse	7 191 637
MS-forbundet	1 672 971
Nasjonalforeningen for folkehelsen	18 894 163
Norges Astma-og Allergiforbund	3 878 380
Norges Blindeforbund	24 420 923
Norges Døveforbund	1 828 672
Norges Handikapforbund	5 293 802
Norges Jeger og Fiskerforbund	10 916 451
Norges Livredningsselskap	1 175 133
Norges Naturvernforbund	4 190 964
Norges Parkinsonforbund	1 969 434
Norsk cøliakiforening	1 582 698
Norsk Epilepsiforbund	1 378 959
Norsk Forbund for Utviklingshemmede	1 785 948
Norsk Revmatikerforbund	4 351 515
Norske Kvinners Sanitetsforening	9 529 320
Norske Redningshunder	1 882 259
Organisasjonen Voksne for Barn	3 677 849
Personskadeforbundet LTN	1 388 478
Psoriasis- og eksemforbundet	1 177 422
ROS – Rådgivning om spiseforstyrrelser	1 471 056
Stiftelsen Kirkens Bymisjon Oslo	50 069 401
Stiftelsen Livsglede for Eldre	1 500 299
Stiftelsen Norsk Luftambulanse	27 016 995
Totalt	374 225 294

## Berekning for lokale/regionale lotteri

For 2019 reknar vi med følgjande nøkkeltal:

	Meldingslotteri <sup>47</sup>	Lotteri med løyve <sup>48</sup>	Totalt	Avrunda
Brutto omsetning i snitt	45 000	432 000		
Samla gevinstprosent (kostnad)	15 %	40 %		
Overskot av brutto omsetning	80 %	57 %		
Tal meldingar/ løyve	2 883	70		
<b>(Beløp i mill. kroner)</b>				
Estimert brutto omsetning	130 mill	30 mill	160 mill	160 mill
Estimert gevinst	19 mill	12 mill	32 mill	30 mill
Estimert netto omsetning	110 mill	18 mill	128 mill	130 mill
Estimert overskot til formåla	104 mill	17 mill	121 mill	120 mill
Estimert brutto omsetningår 2019*		160 mill		
- Gevinst*		30 mill		
= Netto omsetning		130 mill		
administrativ kostnad		10 mill		
= overskot		120 mill		
Formåla sin del av brutto omsetning		75 %		
Formåla sin del av netto omsetning		92 %		
Gevinstkostnad av brutto omsetning		19 %		

\*) Avrunda beløp er runda opp til nærmeste 10 mill.

<sup>47</sup> Gjennomsnittleg loddsal frå 1 094 rekneskap registrert av Lotteritilsynet var for 2019, kr 44 987.

Gevinstprosent og prosent til formål er beregnet på grunnlag av rapporterte tal i 2019 og tidlegare.

<sup>48</sup> Gjennomsnittlege tal frå rekneskap for alle 70 lotteri med løyve for 2019, kr 431 502,-.



Lotteri- og  
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde  
Tlf.: 57 82 80 00  
[postmottak@lottstift.no](mailto:postmottak@lottstift.no)  
[lottstift.no](http://lottstift.no)

